



# Vedtekter for Det norske hageselskap

*Vedteke av representantskapsmøtet 23.10.2021*

## § 1 NAMN OG FORMÅL

- 1.1 Det norske hageselskap (Hageselskapet) er ein landsomfattande, frittstående og ideell kultur- og miljøorganisasjon som er open for alle.
- 1.2 Hageselskapets formål er å fremje hageglede og formidle kunnskap om berekraftig hagekultur, naturmangfald og den positive helseeffekten til grønne omgivnader.

## § 2 ORGANISASJON

Hageselskapets organisasjon består av:

- 2.1 Lokallag, som skal være registrert i Frivillighetsregistret og opererer som eigne juridiske og økonomiske einingar, styrt etter standardiserte vedtekter fastsett av landsmøtet. Lokallag er knytt til ein region.
- 2.2 Regionar, som skal være registrert i Frivillighetsregistret og opererer som eigne juridiske og økonomiske einingar, styrt etter standardiserte vedtekter fastsett av landsmøtet. Namna og grensene til regionen blir godkjende av landsstyret etter vedtekne forslag frå årsmøta til dei regionane det gjeld.
- 2.3 Landsstyret (jf. § 7).
- 2.4 Landsmøtet (jf. § 4).

## § 3 MEDLEMSKAP

- 3.1 Medlemmar er alle som er registrert med ein medlemskap i Hageselskapets medlemsregister. Tillitsvalde i organisasjonen må vere medlemmar og plikter å følgje Hageselskapets personvernreglar.
- 3.2 Landsstyret kan etablere differensierte medlemskapsformer.
- 3.3 Personar som har gjort ein sær s framifrå innsats for hagesaka og organisasjonen gjennom praktisk eller vitskapleg arbeid kan utnemnast til æresmedlemmar. Æresmedlemmar blir utnemnt av landsstyret.

## § 4 LANDSMØTET

Landsmøtet er Hageselskapets høgaste styresmakt og er samansett av:

- 4.1 Landsstyret.
- 4.2 To delegatar (fortrinnsvis regionleiar pluss ein vald delegat) frå kvar region.

## § 5 GJENNOMFØRING AV LANDSMØTET

- 5.1 Ordinært landsmøte blir halde annakvart år innan 15. mai. Tida mellom to landsmøte blir namngitte i desse vedtektene som «perioden».
- 5.2 Leiaren i landsstyret sender innkalling til regionstyra, og landsmøtet blir kunngjort i Norsk Hagetidend og på Hageselskapets nettside, minst tre månadar før det skal haldast.
- 5.3 Sakliste og saksdokument skal sendast ut minst tre veker før møtet.



#### 5.4 Landsmøtet skal:

5.4.1 Velja to delegatar (ikkje blant medlemmane i landsstyret) som saman med møteleiar skal underteikna protokollen (jf. § 8.1.g).

5.4.2 Behandla landsstyret sine årsrapportar for den siste perioden.

5.4.3 Behandla reviderte årsrekneskapar for den siste perioden.

5.4.4 Behandla landsstyret sine forslag til strategiske føringar for dei kommande fire åra (på annakvart møte).

5.4.5 Behandla retningsgivande budsjett for den kommande perioden.

5.4.6 Velja for kommande periode:

a) Leiar i landsstyret (jf. § 7.2).

b) Styremedlemmar og varamedlem i landsstyret (jf. § 7.2).

c) Nestleiar i landsstyret blant dei valde styremedlemmane (jf. § 7.2).

d) Valkomite på tre medlemmar (jf. § 9.2).

e) Leiar i valkomiteen blant medlemmane i valkomiteen.

Vala skal vere skriftlege om det finst fleire forslag til same verv, eller når minst ein delegat krev det.

5.4.7 Velje ein statsautorisert eller registrert revisor.

5.4.8 Fastsetja styrehonorar til landsstyret for kommande periode.

5.4.9 Behandla andre saker som landsstyret ønskjer skal leggjast fram for landsmøtet, eller som er komme inn frå Hageselskapets medlemmar, regionar eller lokallag. For at ei sak skal kunne behandlast, må ho sendast til landsstyret minst to månadar før møtet. Landsstyret legg saka fram for landsmøtet med forslag til vedtak.

5.5 Landsstyret har ikkje røysterett under §§ 5.4.2, 5.4.3, 5.4.7 og 5.4.8.

5.6 Landsmøtet er vedtaksført når det er innkalla etter vedtektene og minst halvparten av dei som har røysterett er til stades.

5.7 Alle saker som behandlast, bortsett frå §§ 10 og 11, blir avgjorde ved alminneleg fleirtal. Ingen kan gje frå seg meir enn ei røyst eller røyste ved fullmakt. Ved likt røystetal skal det gjerast ny avstemming. Ved likt røystetal etter ny avstemming har styreleiar dobbelstemme. Ved likt røystetal under val blir det gjort omval. Ved likt røystetal etter andre avstemming skal ein trekkje lodd.

5.8 Om ikkje anna er nemnt i vedtaket, trer landsmøtevedtak i kraft med det same.

5.9 Generalsekretær og varamedlem i landsstyret har møteplikt og talerett på landsmøtet.

## § 6 EKSTRAORDINÆRT LANDSMØTE

6.1 Ekstraordinært landsmøte skal haldast når landsstyret finn det nødvendig, eller når ein tredel av regionstyra krev det. Møtet må haldast seinast to månadar etter at eit krav er sett fram.

6.2 Innkalling, sakliste og saksdokument skal sendast frå leiaren i landsstyret til regionstyra minst 14 dagar før møtet.

6.3 Ekstraordinært landsmøte blir gjennomført utover dette etter same reglar og vedtekter som eit ordinært landsmøte.

## § 7 LANDSSTYRET

7.1 Landsstyret består av leiar, nestleiar og seks styremedlemmar.



- 7.2 Leier, nestleiar, fem styremedlemmar og eit varamedlem blir valde av landsmøtet. Tilsette i Hageselskapet oppnemner ein styremedlem med personleg varamedlem.
- 7.3 Val- og funksjonstida for medlemmane i landsstyret er ein periode.
- 7.4 Vedtak i landsstyret blir gjort med alminneleg fleirtal. Ved likt røystetal avgjer stemma til møteleiaren. For at vedtak skal vere gyldig, må minst fem ha stemt.
- 7.5 Generalsekretær har møteplikt og talerett på møta til landsstyret og fungerer som sekretær for landsstyret.
- 7.6 Hageselskapets medlemmar, lokallag eller regionar kan fremja saker for landsstyret.
- 7.7 Landsstyret skal fastsetje styreinstruks som gir nærare reglar om arbeidet og saksbehandlinga i styret. Instruksen blir sett opp i samsvar med vedtektene. Endringar i styreinstruksen blir behandla som ei normal landsstyresak.
- 7.8 Det skal førast protokoll frå alle møte i landsstyret. Godkjend protokoll, bortsett frå personalsaker, blir gjort tilgjengeleg for alle medlemmar i Hageselskapet. Saker med sperrefrist kan vente med offentleggjering til saka er gjort allment kjent.

## § 8 LANDSSTYRET SINE OPPGÅVER

- 8.1 Landsstyret skal:
  - a) Leia verksemda i samsvar med vedtektene og landsmøtevedtaket.
  - b) Vedta arbeidsplan og budsjett for det kommande året.
  - c) Kvart år utarbeide og behandle årsrapport og årsrekneskap.
  - d) Tilsette generalsekretær med funksjon som dagleg leiar.
  - e) Ved behov, setje ned utval med eit gitt mandat.
  - f) Utpeika møteleiaren til landsmøtet.
  - g) Foreslå to delegatar til å underteikne landsmøteprotokollen.
  - h) Foreslå for landsmøtet ein statsautorisert eller registrert revisor.
  - i) Fastsetja forretningsorden ved landsmøte. Denne blir sett opp i samsvar med vedtektene. Endringar i forretningsordenen blir behandla som normal landsstyresak.
- 8.2 Dersom ein region ikkje er i stand til å halde oppe drifta i samsvar med vedtektene, kan landsstyret innkalle til ekstraordinært årsmøte i regionen.

## § 9 VALKOMITEEN

- 9.1 Valkomiteen skal bidra til at organisasjonen får eit formålstenleg og fagleg kompetent styre som utfyller kvarandre sin kompetanse.
- 9.2 Valkomiteen består av tre medlemmar, valt av landsmøtet (jf. § 5.4.6.d).
- 9.3 Valkomiteen legg fram forslag til kandidatar og har talerett under vala på landsmøtet (jf. § 5.4.6).
- 9.4 Landsmøtet vedtek instruks for arbeidet i valkomiteen. Endring av instruksen behandlast som ei landsmøtesak. Instruksen blir sett opp i samsvar med vedtektene.

## § 10 ENDRINGAR I VEDTEKTENE

- 10.1 Forslag til endringar i vedtektene må sendast til landsstyret innan 1. desember året før ordinært landsmøte. Forslaget behandlast av landsstyret og sendes til styra i regionar og lokallag minst to månader før forslaget blir lagt fram på landsmøtet.
- 10.2 Vedtak om vedtektsendringar krev minst 2/3 fleirtal.



- 10.3 På ekstraordinært landsmøte kan det ikkje gjerast vedtak om endring i vedtektene om det ikkje tidlegare har blitt behandla på et ordinært landsmøte.
- 10.4 Forslag om endring av vedtektene for regionar og lokallag (jf. § 2) følgjer same tidsfristar som over og blir vedtekne med minst 2/3 fleirtal.

## **§ 11 OPPLØYSING**

- 11.1 Forslag om oppløysing av Hageselskapet må kunngjerast i Norsk Hagetidend og på Hageselskapets nettside minst seks månader før det blir lagt fram på landsmøtet.
- 11.2 Vedtak om oppløysing krev minst 2/3 fleirtal på to følgjande ordinære landsmøte.
- 11.3 Ved oppløysning bestemmer landsmøtet korleis Hageselskapets middel skal fordelast innafor formålet (jf. § 1).